


# Radar



## Julenattiné i Manger kyrkje

Når julestria når toppen, skal det verta godt å senka skuldrane og la jul vera jul og nyta roen og den gode stemninga i ei lun kyrkje som glitrar i levande ljós.



Radøy damekor inviterer deg til ein stemningsfull "julenattiné" i Manger kyrkje laurdag 16. desember kl 2200.

Med oss har vi Jacqueline Chesney (fløyte), Stephen Gray (flygel) og Meinert Helland.

Billettar vert selde hjå kormedlemmane, Hydro, kyrkjekontoret, Bøvågen senter og på [www.radoysokn.no](http://www.radoysokn.no).

Billettpriis: kr 100 (born under 16 år: kr 50)

## Kongens fortjenestemedalje

- til avtroppande sokneprest Ingvar Fykse. Radar stiller seg i køen av gratulantar. Biletet er frå avskilsfesten for Ingvar og Valla.



## Leirar du kan vera med på

### Januar

12-14 leirleder, Alværa

### Februar

23-25 aktivitetsleir, 5-7 klasse, Alværa  
26-28 vinterleir, 2-5 klasse, Alværa  
23-26 EnerSki, 8 kl-3 kl vidg, Kvamseter

### Mars

16-18 sms-leir, 8 kl – 3 kl vidg, Alværa  
23-25 PrePalmeLeir, 4-7 klasse, Kvamseter

### April

5-9 Familieleir NMS og NMS U,  
Kvamseter

For påmelding kontakt

NMS U Bjørgvin  
telefon: 55 54 68 60  
e-post: buabgn@nms.no  
heimside: www.nmsu.no

## Julegudstenester

### Julafta (NB: To gudst i Manger)

- 1430 Sæbø kyrkje. Fam.gudst. Ola J. Jordal.
- 1430 Emigrantkyrkja. Fam.gudst. Kjell J. Sekkingstad.
- 1430 Manger kyrkje. Fam.gudst. NN. Skulemussikken.
- 1600 Manger kyrkje. Fam.gudst. Ola J. Jordal.
- 1600 Hordabø kyrkje. Fam.gudst. Kjell J. Sekkingstad.

### 1. juledag

- 1200 Manger kyrkje. Festgudsteneste. Felles for heile soknet. Sekkingstad og Jordal.



## Bladpengar 2006

Det kostar å trykkja RADAR og å senda bladet gratis til alle husstandane på Radøy. Alt redaksjonelt arbeid vert gjort på dugnad, men me må betala for trykking og ombering.

Kwart nummer kostar litt over 8.000 kroner. Det betyr at me må ha inn omlag 32.000 for året for å kunna koma ut med fire nummer. Når bladet du no held i handa, er betalt, er kassen tom.

Næringslivet på Radøy er flinke og støttar bladet med annonsar. Me er mykje takksame for det. Annonseinntektene vert likevel ikkje nok, så me vonar lesarane òg vil støtta RADAR med ei pengegåve. Kor mykje - det bestemmer kvar enkelt.

Hjarteleg takk for alle bidrag!

### Kontonummer

3636 50 53043

### Meldingsblad

Manger prestegjeld  
Radøy kyrkjekontor  
5936 Manger

## Konfirmantjubiléet i Hordabø

### 70-årskonfirmantane



### 60-årskonfirmantane



### 50-årskonfirmantane





Søndag 10. desember er det AKSJON HÅP. Det er ein stor innsamlingsaksjon, der me samlar inn pengar til å:

- kjempa mot urettferd
- hjelpa menneske som er i naud

Innsamlingsmålet er på heile 65 millionar kroner.

Pengane vil bli brukte til langsiktige og bærekraftige tiltak. Hovudområde som aksjonen skal hjelpe til med er:

- arbeid for betre helse
- skaffa reint vatn til folk
- utdanning
- forsoning i konfliktområde
- utvikling av lokalsamfunn så dei kan klara seg sjølve

Sams ungdomsleirar for palestinske og israelske ungdomar er døme på forsoningsarbeid i regi av Aksjon HÅP.



Heimesida til aksjonen er:  
[www.aksjonhap.no](http://www.aksjonhap.no)

## Kyrkjefest for Nordhordland prosti

18. februar 2007

Nordhordland folkehøgskule

Festen er open for alle

KL 12:00 Velkommen til kyrkjefest.  
Song - musikk

KL 12:30 Foredrag - "Saman som forvaltarar" v/Atle Sommerfelt frå KN

Korsamling for born v/Ingrid Kvam Steinshamn

KL 13:30 Suppe

KL 14:30 Seminar

- Mision – misjonskyrkjelydar v/Berge Toppe, Gunvor Taule Mjanger og Frank Rune Dale
- Fasteaksjonen v/Hege Feet og Egon Askvik
- Søndagsskulen i moderne tid v/Nils Arne Lavik + "Løvegjengen"
- Modellar for gjevarteneste i kyrkjelydane
- Syng med oss – vi syng nye songar til bruk i gudstenesta.

Under seminara vert det idrettsaktivitetar i idrettshallen for borna v/Truls Corneliusen

KL 16-17 Familiegudsteneste v/Lisa og Anders Magne Tolås Wendel

Borna frå korsamlinga deltek

Dei sokneråda som får alle sine medlemmar til å delta og dei 2 sokna som får flest deltakarar i forhold til innbyggjartalet, i tillegg til soknerådsmedlemmane, vil få kvar sin overraskingspremie.

## Helsearbeid i skiftande tider

Boka kan framleis kjøpast på Radøy kyrkjekontor, hjå Libris bokhandel i Knarvik og på Tørkeloftet på Manger.

Prisen er nedsett til 200 kr. Boka er ei flott julegåve til dei som er opptekne av korleis folk i farne tider hadde det på Radøy og i bygdene rundt. Me har fått mange fine tilbakemeldingar frå folk som har lese boka.

Alle produksjonsutgiftene er betalte, så heile salssummen går til Radøy sokneråd sitt misjonsprosjekt i Etiopia.

Pengane vil verta nytt til utviklingsarbeid i landsbyane Beghi og Gidami i Vest-Etiopia, der folk, særleg kvinnene, dagleg slit med å skaffa familien nok mat, reint vatn og nødvendige klede.

Det er alt sendt 71.000 til prosjektet, men målet for Radøy sokneråd er 96.300 kroner. Då manglar me omlag 25.000. Det tilsvrar sal av 125 bøker. Så mange bør me klara til jul i år.




Nokre har òg gitt pengegåver direkte til prosjektet. Hjarteleg takk til alle dei. Ei særskilt takk til Manger kvinne- og familielag som har gitt 2000 kr.

Ynskjer andre lag eller enkeltpersonar å gjera det same, er adressa:

Interesseorganisasjonen Helsesoga  
Radøy kyrkjekontor  
5936 Manger  
Bankgiro: 3632.53.58267

*Helsing Radøy sokneråd og Det norske misjonselskap*

**Radøysmykket (sjå framsida) er framleis å få kjøpt. Du kan skaffa det på julemassa i samfunnshuset på Sletta søndag 3. desember. Smykket kan òg kjøpast på kyrkjekontoret.**



Diakoniutvalet i ein kyrkjelyd hadde følgjande kunngjering i kyrkjelydsbladet.

Ikkje la bekymringane ta livet av deg!  
La kyrkjelyden hjelpa deg!

-BANDET

## ***Ingvar og Valla Fykse har slutta***


30. september 2006 var siste arbeidsdagen Valla og Ingvar Fykse hadde i aktiv teneste i kyrkja på Radøy. Kyrkjelyden saknar dei, men unner dei mange gode pensjonistår. Det omtykte presteparet sette fár etter seg på Radøy, fár som var prega av omtanke, varme, vennlighet og humor, men òg av eit brennende ynskje om å nå folket med bodskapen om Guds grenselause nåde og kjærleik.

Dei bur ikkje lengre borte enn på Ikenberget i Alversund, så me vinar framleis å ha god kontakt med Valla og Ingvar, og tid om anna få besök av dei i kyrkjene på Radøy.



*"Tarjei, eg signar deg med det heilage korsmerket..." Ingvar Fykse sin siste barnedåp i Hordabø kyrkje. Foreldra er Geirunn og Stein Ove Valdersnes.*

Radar vil presentera nokre bilete frå avskilsgudstenestene og frå avskilsfesten 10. september på Smiths møte- og selskapslokale. Den dagen fekk òg Ingvar Fykse tildelt H.M Kongens fortjenestemedalje.



*Det kan verta koldt å flytta frå "Den grøne øya". Kyrkjelydsutvalet i Hordabø har fått Dagny Kvalheim til å spøta sokkar og vottar til Ingvar. Sølv Kvalheim Mjøs overrekte gåva til Ingvar som ikkje let seg be to gongar då fotografen, for å få eit godt bilet, ba han gi Sølv ein ekstra klem.*



*Kyrkjelydsutvalet på Manger hadde fått meistersmeden Alf Svendheim til å laga ein vakker lysestake til å lysa og varma for ekteparet. Lysestaken er laga av restmateriell etter dei nye kyrkeportane på Hordabø. Astrid Mellingen stod for overrekkinga.*

*Kyrkjelydsutvalet på Sæbø hadde fått Audun Vetås til å laga kipe til Ingvar. Erling J Tjore helsa frå Sæbøfolket.*

*Ei kipe kan nyttast til så mangt, og om ein står på, kan ein saktens halda varmen med den òg. Diverre var ikkje fotografen så vaken at han tok*

*apparatet med seg til siste gudstesta i Sæbøkyrkja.*

*Då salmane var sungne, siste preika halden og alle helsingane framførte, stod berre eitt att; Ingvar Fykse sitt inste og varmaste ynskje for folket på Radøy:*

*Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over  
deg og vere deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gi  
deg fred.*



*Tekst og bilete, Meinert Helland*

## Julegåva – er den rettferdig? Ein juleaktivitet for heile familien

Rettferdig julegåve? Kva meiner du? tenkjer du, kanskje lettare irritert. Skal gleda over å gje julegåver også bli tatt frå oss no?

Gleda over å gje er for mange større enn over å få. Spenninga er stor på julekvelden; vil ho like den? Nokre av oss kosar seg med å planleggjje innkjøp av gåver. Vi er gjerne ute i god tid, og tenkjer varme tankar om dei vi er

glade i. Kanskje lagar du noko med eigne hender. Andre av oss synest heile julegåvemaset er eit stress. Ikkje ynskjer vi oss noko heller. For vi har jo så mange ting. Og det vi ikkje har, kan vi kjøpe sjølv. "Til den som har alt" lokkar reklamen og presenterer dappedingsar vi etter alt og døme ikkje kan klare oss utan. Eller? Undersøkingar viser at det vi nordmenn ynskjer oss mest av alt, er tid. Meir tid saman med dei vi er glade i. Meir tid til å dyrke hobbyar eller gjere kvalitetsting. Gåvekart med snømåking, barnepass, kinobillettar, massasje og liknande har blitt umåteleg populære som alternative julegåver (sjå [www.fremtiden.no](http://www.fremtiden.no) og



[www.gronnhverdag.no](http://www.gronnhverdag.no)). For andre er ein gavesjekk til nokon som verkeleg treng det, vel så greitt som ei personleg gåve (sjå t.d. [www.redsbarna.no](http://www.redsbarna.no), [www.kirkensnodhjelp.no](http://www.kirkensnodhjelp.no)).

### God tradisjon

Julegåver har lang tradisjon. Dei bar fram gull, røykelse og myrra til det vesle Jesusbarnet. Vi gir kvarandre gåver i takksemd over, og som symbol på Jesusbarnet som den største gåva.

Englane på marka forkynte ein glad bodskap... Jula er ei glad høgtid. Vi vil dele gleda med kvarandre, og ikkje minst

med borna. Sjølv om barnerommet er fullt av

leiker, er det ikkje til å kome forbi at det framleis er knytt store forventningar og spenning til julegåvene under juletrereet. Det er berre rett og rimeleg at vi har ein tradisjon for å gje gåver til dei vi er glade i.

Men er det rett å gje ei gåve som er produsert under urettferdige og kritikkverdige forhold for den som har produsert gåva? Billig, billig, billig = Kjøpe, kjøpe, kjøpe. Undersøkingar viser likevel at 45 posent av alle nordmenn har därleg samvit for å kjøpe varer som kanskje ikkje har ein tilfredsstillande etisk standard. Men korleis kan eg vite om ei vare har etisk standard, tenkjer du kanskje? Internasjonalt har vi ei merke-

ordning som garanterer rettferdige produkt (Max Havelaar/Fairtrade). I Noreg er det hittil mest matvarer å få tak i med denne garantien (sjå [www.maxhavelaar.no](http://www.maxhavelaar.no)).

### Vi kan påverke

Vi kan vere med på å påverke til eit etisk forbruk ved å vere bevisste konsumentar. Når julekvelden er over, la familien sette seg i sving med å finne ut kor gåva er produsert. Ok, mest sannsynleg Kina ja. Kan de finne ut kor hen i Kina? Kva er namnet på fabrikken? Korleis er forholda for dei som jobbar der? Selskapet som sel produktet, har dei nokon etisk profil eller mål som dei jobbar mot? Kva seier andre media

og kritiske røyster om dette selskapet? Går du inn på nettsida [www.etiskforbruk.no](http://www.etiskforbruk.no) kan du få mange gode tips og lenkjer til korleis du kan gå fram for å finne ut den etiske standarden til eit produkt. La det gå sport i å finne ut mest! Med ein e-post til importøren kan du vere med på å gjere julegåvene litt meir rettferdige...

God jul!

*Kristin Lødøen Hope  
Prosjektleiari forbruk og rettferd  
Bjørgvin Bispedøme*

Illustrasjon: Svein Nyhus / Grønn Hverdag



Søndagsskulens dag i Emigrantkyrkja 24. september. Hugs at ingen er fødde med kristen tru og kunnskap. Den glade bodskapen må me alle ta ansvar for å vidareformidla. Takk til alle søndagsskulelærarar som står klare til å ta i mot borna våre og dela Guds ord med dei.

*Fire av konfirmantane på mediagruppa har sett seg inn i det som skjer inni Mangerskyrkja medan ho er stengt for oppussing. Med bilete og tekst formidlar dei nokre av inntrykka sine på desse sidene.*

## **Handikapp i kyrkja**

No held dei på med eit stort prosjekt i kyrkja. I ein av delane i dette prosjekte har dei fokusert på dei som er handikappa. Dei held på å ombygje kyrkja, og gjøre det lettere for dei som er handikappa.

Dei har bygd eit toalett inni kyrkja, som alle kan bruke, også dei handikappa! Dei har utvida dørene, slik at rullestolen får betre plass. Og så har dei bygd eit skråplan opp til alteret. No kan dei som brukar rullestol, sleppa å sitja i midtgangen. For det har kome stolar framme, og då kan me flytte f.eks. to stolar og ta inn ein rullestol.

- Solveig



*Kenneth prøver ein av dei nye stolane.*



*Solveig, Karoline og Kenneth  
(Agnete var sjuk då biletet vart teke).*

**Ver med på gjenopning av Mangerskyrkja: Familiemesse søndag 10. desember kl 1600.**



*Golvet vert slipt ned og skal malast på ny. Kenneth prøver slipemaskina til malarmeisteren.*

## **Ei praktisk kyrkje**

No held kyrkja på å bli ombygd for å gjøre henne meir praktisk å bruke. Framme og heilt bak skal dei få inn stoler i staden for dei nedslitte benkane. Stolane blir meir praktiske å bruke, og dei kan flyttast lett om det blir for lite plass. Med benkar kan det bli tungvint å laga meir golvplass når det trengst.

Det er også sett inn ein prosjektør som heng i taket, og det er hengt opp eit lerret som songar og bilete skal visast på. Då slepp me å trykkje ut så mange ark med songar på; det er mykje meir miljøvenleg.

Kanskje nokon er skeptiske til å endre på kyrkja, og vil at den skal halda det gamle prege sitt. Men det er ingen grunn til uro, for vi gjer faktisk kyrkja mykje bedre. Det blir laga nye vegger, men dei er i den samme stilten som dei gamle.

Det blir også laga to nye rom som er veldig nyttige for kyrkja, men det er jo ikkje det første ein legg merke til når ein kjem inn i kyrkja. Så sånn sett vil det ikkje bli så lett leggja merke til at kyrkja er litt forandra. Vi gjer dette fordi det er det beste for kyrkja.

- Karoline



*Frode Mellingen arbeider med trappa til altaret.  
"Eit ærefult oppdrag", seier han.*

## **Leikerom og lagerplass**

Leikerommet er for dei minste. Det kan jo bli kjedelig på ei gudsteneste, og då er det fint å ha eit rom å leike seg i. Der er det leikar som får dei minste til å more seg, og er det born som begynnar å gråte, er det plass for det der og.

På lagerrommet skal me lagre stolane når dei ikke er i bruk. Stolane blir brukte både framme og bak til kyrkekaffi og kor/orkester. Det er mykje rot i oppgangen til galleriet. Det skal stablast inn på lageret, så vi kan begynne å bruke galleriet igjen. Begge romma blir bygde opp av same matrialet som resten av kyrkja. Desse romma blir heilt bakerst i kyrkja.

- Kenneth



*Her ser me inn i det nye barnerommet som er plassert bak i hjørnet, under galleriet.*

## JESAJA 9

*Det folket som ferdast i mørkret,  
skal sjå eit stort ljos;  
over dei som bur i skuggelandet,  
skal ljoset stråla.*

Les gjerne Jesaja 9, 2-7

Det folk som ferdast imørket, det er nesten som eg trur at det er til meg det er skrive, det er mørkt ute, mørkt og regn, og då er det tankane går mot lysare og varmare dagar – sol og sommar. Men, først er det jul. Vi har venta lenge og endå er det litt igjen når eg skriv desse orda, men snart er det Jul, og då skal vi og tenna mange lys. Vi er ikkje åleine om å venta – mange har venta lenger enn oss, mykje lenger. Jesajaboka vart nedskriven frå omlag 700 til 500 år.f.kr., det var ulike forfattarar – men dei var bevisste tanken om at det skulle koma ein Messias, ein redningsmann, ein som frelser.

*6 For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven.*

*Herreveldet kviler på hans aksler,  
og han skal kallast:*

*Underfull Rådgjevar, Veldig Gud,  
Ewig Far, Fredsfyrste.*

Det er nesten ikkje grenser for kor fantastisk dette barnet skulle vera. Når eg les orda, kjenner eg at dei fyller meg med høgtid – Det er dei vi les kvar einaste juledag. "For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven.

- Herreveldet kviler på hans akslar".

Det er ikkje noko lita oppgåve. Men så er det ikkje småting ein forventar seg av dette barnet heller, for

han skal nemleg kallast Underfull rådgjevar, veldig Gud, Ewig Far og Fredsfyrste. Det er ikkje nokon vanleg mann Jesaja profeterer om. Jesaja skriv om det som skal skje, det som skal koma. Det er mange tekstar som peikar fram mot Jesus, frelsaren, Messias – han som er salva. Men det er også tekstar som viser oss at dei var klar over at det ikkje var noko enkelt liv Jesus kom til å få. I Jesaja 53 les vi

*Sanneleg, våre sjukdomar tok han  
på seg, og våre pinsler bar han.*

*Vi trudde han var heimsøkt, slegen  
av Gud og ille plaga.*

*5 Men han vart såra for våre brot  
og sundbroten for våre synder.*

*Straffa låg på han, så vi skulle ha  
fred, og ved hans sår har vi fått  
lækjedom.*

Sjølv om vi ventar på Jula, og lysare dagar – så er ventetida allereie over. Jesus er her, no. Han har sona alle våre synder. Vi har anledning til å ha fred både med Gud og oss sjølv, for oss er det berre å ta i mot det han har å gje oss.

Tillukke med ventetida!



Ola Johannes

# Familienytte

## Døypte



Tarjei Valdersnes (Hordabø)  
Daniel Sjursen Hole (Sæbø)  
Amalie Kallestad (Sæbø)  
Marius Skar Kolås (Em.kyrkja)  
Stian Skar Kolås (Em.kyrkja)  
Ragnhild Repål Namtvedt (Em.kyrkja)  
Nataniel Hagesæther Steinsland (Emigrantkyrkja)  
Lotte Blommedal Bauge (Hordabø)  
Vilde Elida Bø Henriksen (Sæbø)  
Elida Malene Blomvågnes Pedersen (Emigrantkyrkja)  
Karl David Halland (Emigrantkyrkja)  
Tobias Hvidsten Helland (Em.kyrkja)  
Marius Paulsen (Sæbø)

## Vigde


Camilla Otterlei og Ronny Haugland, vigde 15.07.06  
Annlaug Johanne Skrämeestø Hågensen og Geir Fugleseth, vigde 02.09.06



## Avlidne

### Hordabø

Einar Hellesø (03 07 06)  
Kari Soltvedt Rasmussen (08 09 06)  
Margit Bergliot Saltnes (22 09 06)  
Ragnar Ingvard Mjøs (16 10 06)  
Julia Kristine Vågenes (27 10 06)



### Manger

Julia Margrethe Kolås (08 08 06)  
Jens Olaf Olsen (03 09 06)  
Adolf Johan Stangenes (12 09 06)  
Elida Birkeland (15 09 06)  
Harald Ulvatn (18 09 06)  
Håkon Ingvald Frantzen (30 09 06)  
Tomas Tvedt (13 10 06)

### Sæbø

Arthur Askeland (26 04 06)?  
Karl Tolleshaug (29 06 06)?  
Gudrun Tjore (23 09 06)

**Korleis har du det  
eigentleg?**

**Kirkens SOS**  
**815 33 300**  
**www.kirkens-sos.no**



**Catering**  
**Samfunnshuset Skogen LL**

Mat til alle anledninger som  
begravelser, konfirmasjon, årsdager.  
Snitter, koldtbord, middag m.m.  
Be om pristilbud på tlf.  
Tlf. 56372236 / 90774250

**Nordhordland  
Begravelsesbyrå AS**



Vi ordner alt vedrørende  
dødsfall i distrikt og by.

**DØGNVAKT TLF 5637 1410**  
**PRIVAT TLF 5637 4049**

## KONTAKTPERSONAR I RADØY SOKN

Kyrkjekontoret: Tlf 5634 9840 • Faks 5634 9841 • www.radoysokn.no

Kontorfullmektig

Hilde Marit Solend

mob. 970 25 115

Kyrkjeverje

Meinert Helland

priv. 5637 3350

mob. 900 62 851

Sokneprest

Kjell Sekkingstad

priv. 5637 3458

mob. 951 41 360

Kapellan

Ola Johannes Jordal

mob. 971 98 182

*Organist I*

J.William Kay  
priv. 5637 0121  
mob. 915 91 482

*Organist II*

Stephen Gray  
priv. 2169 4059  
mob. 400 43 542

*Kyrkjegardsarbeidar*

Olav Mellingen  
mob. 911 534 84

**Soknerådsleiar** Jostein Dale ..... 5637 1288

**Nestleiar** Oddbjørg Dragøy ..... 5637 3046

**Hordabø kyrkje** ..... 5637 3579

Kyrkjetenar Kjersti Straume ..... 5637 2187

Klokkar Margun Taule ..... 5637 0173

**Manger kyrkje** ..... 5634 9242

Klokkar Magne Myrtveit ..... 5637 4151

**Sæbø kyrkje** ..... 5637 3593

Kyrkjetenar Kjell Fjellsende ..... 5637 1015

Klokkar Maria Fjellsende ..... 5637 1015

**Emigrantkyrkja** ..... 5637 0383

Klokkar Kirsten S.Mellingen ..... 5637 2031

**Barnekoret Blanda Drops** .....

Astrid Mellingen ..... 906 32 915

**Hordabø barne- og ungdomskantori**

Sølvi Helen K.Mjøs ..... 5637 0588

**Radøy damekor** .....

Margarett Halland ..... 5637 1294

**Gjevarteneste til barne- og ungdomsarbeid** ..... konto 3636 50 44141

**Kyrkjelydsutval (Hordabø)**

Kornelius Sylta, Sølvi Kvalheim Mjøs, Mona Marøy, Anna Myking Gjerde, Arne Palmesen og Kjell Sekkingstad.

**Kyrkjelydsutval (Manger)**

Magne Myrtveit, Dagunn Grindheim, Astrid Mellingen, Oddvar Stang, Sølvi Mangerøy og Ola Johannes Jordal

**Kyrkjelydsutval (Sæbø)**

Erling J Tjore, Solbjørg Vatnøy, Olav Marås, Grethe Lunde, Jostein Dale og Kjell Sekkingstad.



**REMA 1000**  
bare lave priser



Vatne Begravelsesbyrå

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø

Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon

Tlf 56 35 16 61 - Kontor

**Radeøy BIL & MOTOR**  
Solendmyra 1 • 5936 Manger • Tlf 56 37 42 72

**ICA**  
**nær**

Bøvågen Center

ENTREPENØR

**Bjørn Dale**  
5936 Manger

TLF. 56 37 40 94 – MOB. 95 24 72 48  
GRAVING • SPRENGING • TRANSPORT

**Geir Kvalheim**  
Glasservice

5936 Manger — 56 37 03 71

**Alt i glass, dører og vinduer**

**RISNES**  
ELEKTRO AS



Idrettsvegen 9 - 5936 Manger - 5634 9620

**RADØY AUTO A/S**

AUTORISERT BILVERKSTED

5936 Manger  
Tlf 56 34 94 40  
Fax 56 34 94 49



**GRAVMINNER**

- Egen utstilling
- Rimelige priser
- Lørdagsåpent
- Oppussing

**Radøy Stein Industri AS**

5936 MANGER • Tlf. 56 37 31 29

**HENRY RATH**  
AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR

5939 SLETTA

56 37 21 08 970 94 785  
Henry@Rath.no 56 37 11 95

**Steinsenteret**

VI SKAPER TRIVSEL

HELLA BETONG

Hella kai, 5936 Manger

Telefon 56 37 35 45 • Telefaks 56 37 30 61 • Mobil 90 87 75 94

**Smiths**

møte- og selskapslokale

Manger—Ring 56 37 31 11

leverer snittar, koldtbord og varm mat

**Sparebanken Vest**

**BYGGKJØP**

Stevnebø Trelast

5937 Bøvågen  
Tlf.: 56 34 94 00, Fax: 56 34 94 01

**Rune Ulvatn AS**

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

# Vel møtt i kyrkja!

søndag 3. desember	1100	Hordabø kyrkje. Familiegudsteneste. Kjell Sekkingstad.
søndag 10. desember	1600	Manger kyrkje. Familiemesse. Kjell Sekkingstad, Ola Johannes Jordal. Gjenopning av Manger kyrkje.
onsdag 13. desember		Manger kyrkje. Julekonsert Radøy kulturskule.
fredag 15. desember		Manger kyrkje. Julekonsert Manger folkehøgskule.
laurdag 16. desember	2200	Manger kyrkje. Julenattiné Radøy damekor.
søndag 17. desember	1700	Hordabø kyrkje. Julekonsert.
søndag 17. desember	1900	Sæbø kyrkje. Julekonsert.
søndag 24. desember	1430	Sæbø kyrkje. Familiegudsteneste. Ola Johannes Jordal.
søndag 24. desember	1430	Emigrantkyrkja. Familiegudsteneste. Kjell Sekkingstad.
søndag 24. desember	1430	Manger kyrkje. Familiegudsteneste. NN. Skulemusikken.
søndag 24. desember	1600	Manger kyrkje. Familiegudsteneste. Ola Johannes Jordal.
søndag 24. desember	1600	Hordabø kyrkje. Familiegudsteneste. Kjell Sekkingstad. Offer i alle kirkjene til Kirkens Nødhjelp.
mandag 25. desember	1200	Manger kyrkje. Festgudsteneste. Kjell Sekkingstad, Ola Johannes Jordal. Felles for heile soknet. Offer til NMS.
søndag 31. desember	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Ola Johannes Jordal.
søndag 7. januar	1100	Sæbø kyrkje. Høgmesse. Kjell Sekkingstad.
søndag 14. januar	1100	Manger kyrkje. Høgmesse. Helge Hitland.
søndag 21. januar	1100	Hordabø kyrkje. Høgmesse. Kjell Sekkingstad.
søndag 21. januar	1800	Sæbø kyrkje. Temakveld om sorgarbeid.
søndag 28. januar	1100	Emigrantkyrkja. Familiegudsteneste. Kjell Sekkingstad. Utdeling av NT.
søndag 4. februar	1100	Manger kyrkje. Familiegudsteneste. Ola Johannes Jordal. Utdeling av NT.
søndag 4. februar	1100	Sæbø kyrkje. Familiegudsteneste. Kjell Sekkingstad. Utdeling av NT.
søndag 4. februar	1600	Hordabø kyrkje. Familiegudsteneste. Ola Johannes Jordal. Utdeling av NT.
søndag 11. februar	1600	Manger kyrkje. Jazzmesse. Ola Johannes Jordal.
søndag 25. februar	1100	Manger kyrkje. Høgmesse. Ola Johannes Jordal.
søndag 4. mars	1100	Sæbø kyrkje. Høgmesse. Kjell Sekkingstad.
søndag 11. mars	1100	Hordabø kyrkje. Høgmesse. Kjell Sekkingstad.
søndag 18. mars	1100	Manger kyrkje. Høgmesse. Ola Johannes Jordal.
søndag 25. mars	1600	Hordabø kyrkje. Høgmesse. Ola Johannes Jordal.

**Oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kirkjene finn du også på Internett. Gå til [radoysokn.no](http://radoysokn.no). Sjå dessutan Strilen og Nordhordland.**